Mediateket på Odda barneskole – Det møtte tillitsvalde frå 7 av 13 barnehagar.

- Kristine informerte om Terje Kolbotn og hans innspel på stortinget. For de som er interessert i å høyra kan de søke opp rødt på facebook. HTV har kome med ein del innspel til han på førehand, som han etterspurte. Positivt! Hege Bae Nyholt er invitert til oss på barnehagedagen. Har ikkje fått tilbakemelding på om ho kjem.
- Kristine gjekk gjennom saklista.
- HTV jobba i haust med å få inn innspel frå alle barnehagane om korleis ståda var – alle 13 svarte! Og noko av dette vart teke med på kurs på fylket i januar - så det hjelp at ein er med. Viktig å vera på ballen og jobba for ting.
- Positivt når foreldra er med på laget – fokuset på barnehage og manglande bemanning har nok gitt ein større forståing for situasjonen. Me er blitt betre på å gje beskjed om korleis stoda er – og dette får me igjen for i det lange løp.
- HTV har teke initiativ til ein "gladsak" i HF – den kom i avisa i veke 7. Tyssedal bhg i fokus denne gong. Ei fortsetjing på saken om Rabben i fjor.
- På Happeo ligg det tilgang til reglar og rutinar. Dette er viktig at de veit om dette- og nyttar det!
- Det kjem igong eit desentralisert utdanningstilbod frå hausten 2025. Ullensvang, Kvam og Voss skal samarbeida om dette. Kjempepositivt tiltak!
- Mykje fokus på bhg i kommunen den siste tida – viktig å halde oppe fokus på dette. Det vil hjelpa i det lange løp!
- Omstilling og budsjett. Frå 2025 –2027 skal kommunen ned 50 mill. Omstilling går på struktur rundt barnehage og skule. HTV bhg og skule er med i ei gruppe, og har allereie vore med på eit møte. Barnets beste i fokus! Skal sjå på ulike løysingar rundt struktur-endringar.
- LL informerrte om ekstraordinært årsmøte, 12. April. Oppmoda til å senda inn årsmelding. Informasjon om arbeidet med Tid for dei minste på sentralt kurs på Gardermoen. Bruk heimesida- tillitsvald+ og vis medlem sida. Kjem nyttig info der til alle medlem. Info om at nye medlem skal få brosjyre og handlenett og pensjonistar får sekk. Alle klubbar har 100 kr pr kalenderår til å nytta til bevertning på møter ol. Hugs å bruke dette!
- Kristine tek ein runde og høyrer korleis det er i dei ulike barnehagane. Alle må sei to positive ting, samt noko som er utfordrande og ei evt løysing på dette:
    - Utne: Alt er bra!

      Skare: To ute i permisjon - så litt utfordrande måndag og tysdag. To som har auka opp pga. Dette. Er ein veldig samansveisa gjeng på jobb - løysingsorienterte! Backa kvarandre opp - prøver ha fokus på dette!

      Rabben: Fått tilsett fleire folk, fått ny styrar som er kjend med barnehagen – det var ein trygghet! Jobba mykje med LTV-møter, desse er på plass no. Foreldrene er fornøyd - dei viser at dei ser utfordingane som dei står i som tilsett. Diverre ein del langtidssjukemeldte, så dei nytilsette går inn i dei stillingane, og då vert det "slukt". Positivt at UDF er så "på". Får diverre ikkje teke ut plantida.

      Tyssedal: Går veldig bra. Nok folk sjølv v/fråvær. Får gjennomført det dei skal. Har valgt å satse på vikarar som trenger ein ny sjanse.

Eitrheimsvågen: Åpna ny avd i januar, er no oppe i 3 småbarnsavdelingar og 2 store. Litt fråvær er det – men alle får gjennomført plantida si, dette går veldig på rutine- godt innarbeidd! Har ikkje spesialpedagog – det er eit minus. Positivt at det er vilje til å omrokkera rundt på avdelingane på kort varsel. Usikker på korleis det går med planane om ny barnehage – det har stoppa litt opp... SU-leiar er på hugget, det er bra!

Veisane: Går fint, travle dagar. Positivt at foreldreundersøkinga hadde gode tilbakemeldingar, ca 60 % svarprosent. Nytt tverrfagleg prosjekt - livsmestring og helse. Matprosjekt – null sukker, minimalt med ultraprossesert mat og fokus på økologisk mat. Planar om utebase i ei løe - spennande! Utfordringen er å få nok folk: sjukemeldingar, byte av jobb innad i kommunen mm. Vanskeleg å få tak i folk. Har ein del framandspråklege vikarar – vanskeleg med språk. Overfylte avdelingar.

Sekse: Får ein ny tilsett frå Veisane. Pluss ei til – begge desse to startar i mars. Har ein del ringevikarar (nokre pensjonistar) – vert eit puslespel, men rekk å ta ut plantid og gå på møter. Gode på samarbeid på tvers av dei to avdelingane dei har. SFO-tilbud på ettermiddag. Prosjekt: Frå Fjord til Bord. Styrar er god på å få til eit godt samarbeid i kollegiet. Sekseparken – spennande når det kjem. Skøytebane på vinteren – godt samarbeid med idrettslaget!

- Prata litt om mat i barnehagen – nokon har smørjemat, nokon har graut – nokon har varm mat ein dag eller to i veka. Det kan bli store forskjellar når ungane har med seg matpakke heimefrå. På Utne har dei *fiskesprell* ein gong i veka – Anita bakar brød med gulrot i, fleire ynskjer seg oppskrifta. Ta gjerne med barn til å hjelpe til å lage maten. Veisane søkjer etter kokk – pga. prosjektet i bhg.
- Prosjektet "Se barnet innefra" - dei prata litt om korleis dette går i dei ulike bhg. Nokon har starta litt, Rabben skal ha litt på planleggingsdagen i mars. Tilsette i barnehagen som har vore på kurs – og skal vidareføra dette til sine kollegaer.

BARNEHAGEDAGEN 12. mars - årets tema: Stedet mitt

Ligg ein del på heimsida til UDF. I fjor vart alle medlem i bhg og politikarane invitert på Iris – med ein del påstander mm. Dårleg oppmøte. Har sendt forespørsel til Hege Bae Nyholt om ho vil kome å snakka til medlem på ein medlemskveld. Det er eit alternativ med eit digitalt innlegg. Kristine vil bestille kake mm. Gjere dette til ein kjekk kveld. Diverre kan ikkje Solfrid Furre eller Kristine Berdal frå fylket kome... Har de tillitsvalde noko forslag til kven som kan kome?? Kjekt med nokre eksterne, men kven kan dette vera? Kan ein invitera politikarane på ein kafè - der ein presenterar noko til dei. Korleis kan me det? Med praksisforteljingar. Veit me om politikarane er med i SU-møter? Kjempeviktig i høve informasjon som vert teke vidare til dei politiske partia og kommunestyret. Bemanning kan vera tema – dette er nr to av årsmøtesakene våre- sikre forsvarleg bemanning gjennom heile dagen. Få inn historiar frå oppstart/tidlegvakt og avslutning/seinvakt. Ulike roller ein har som tilsett i barnehagen – kan nokon fortelja om dette? Kva god jobb ein gjer i barnehagen.

Arbeidskle og sko:

Ta opp i klubben. Kommunen har kalla inn til møte der dei ynskjer tilbakemelding på kle og sko som de har fått. Korleis har dette fungert?

Det viser seg at det ikkje har ikkje vore ein god nok prosess før klesavtalen vart landa. Her burde ein ha kome med meir spesifikke ynskjer frå start. Viktig at vi gir gode og konsise tilbakemeldingar for at det skal bli betre i framøve.

Frist: 20.mars.

Ref: Anita/Kristine